

Kyrkjelydsbla 1 for Arna

NR. 6 — DESEMBER 1976
9. ÅRG.



«For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven, og herreveldet kviler på hans
herdar, og han heiter under, rådgjevar, veldig Gud, æveleg fader, fredsfyrste».
Jes. 9,6.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sökneråda i Arna.
Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Olausen.
Redaksjonsnemd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær,
Knut Bråkstad.
Forretningsfører: Monrad Ulveseter.
Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.
Postgiro nr. 1.3104445.
Dagens Trykkeri, Bergen.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.
Torsdag kl. 17.30—19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.
Onsdag kl. 10.00—11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.
Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.
Fung. klokkar Severin Hamnøy, Høgatun, Indre Arna.
Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.
Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.
Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.
Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna.
Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00,
og onsdag, fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jepsensv. 32, Ytre Arna.
Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,
tlf. 24 05 69, kontortid mand.—fred. kl. 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsv. 111a, Indre Arna,
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna,
tlf. 24 13 25.

Ei stor glede

Alle vil gjerne vera glade. Ikkje minst dei unge er på leiting etter glede. Men dei kjenner også til korleis stemningsgrunnlaget i sjela kan svinga mellom mismod og glede. Nettopp derfor er det von i å høyra juleevangeliet. «Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede». Dette forkynte engelen til hyrdingane ute på Betlehemsmarka. Soleis kjem julebodskapen med djup og sann glede til kvar og ein som opnar seg for evangeliet. Rett nok er det ei fåre for at rammen kring jula kan verta så altfor dominerande. Midt i all glitter og stas får ein ikkje auga på den største julegåva. For det er evangeliet om Jesus som er den store gleda. Det var han som «kom og vart heimsens Frelsar som barn i ein vesal stall.»

Så ser vi også idag at menneske vert fanga inn av evangeliet om Jesus, vår Frelsar. Mange unge og eldre oppdagar at «evangeliet er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur.» Dei vert grepne av Jesus og får røyne at han kjem med den store gleda. For han er Frelsaren som kan styra den einskilde sitt vesle livsskip vel gjennom alle stormar. I Jesu fylgje kan du derfor gå både trygg og glad gjennom livet.

F.H.T.

Dei 7 dødssyndene

OVMODET — eg i sentrum

Ovmod er kan hende eit høgtideleg ord. Talar vi om makt, sjølvgodskap, prestisje — så kan vi lettare kjenna oss att. Og så blir ovmod noko aktuelt.

Etter tradisjonen står ovmodet som ei ursynd, opphavet til alle laster. Vi skjønar noko av det når vi tenkjer på kva den blinde maktråa, den omsynslause strebinga fører til.

Korleis er det med meg og ovmodet mitt? Det er da ikkje mogleg for meg å gjera meg gjeldande i kampen mot toppen. Eg er dømt til å spilla ei lita rolle.

Lat oss prøva oss på eit aktuelt døme. I eit samfunn der apartheid-systemet rår, som i Sør-Afrika, er raseovmodet til den kvite mann drivkrafta. Vi er snare til å fordøma den sortens ovmod, for vi er jo så langt vekk. Men korleis ter vi oss til framandarbeidarane i vårt eige

land, til folk som er annleis, til uteliggjarar, avvikarar, til folk som har ein gamal og skranglete bil, til alle dei som står i veggen for oss. Er vi fri for apartheid-haldning andsynes medmenneskja våre?

Ovmod er ikkje ei synd som gir utslag berre på topp-planet. For det har noko med haldninga til livet og medmenneske å gjera. Ovmod er å setja EG i sentrum — der Gud og medmennesket retteleg skulle stått.

Prøvesteinen heiter audmjukskap. Den ekte audmjukskapen, som gir plass for andre, som er gavmild, aldri egoistisk, er motstykkjet til ovmodet — og er det kompasset som Gud la ned i oss som ei hjelp til å koma utanom ovmodet.

**VI YNSKJER ALLE I
KYRKJELYDANE I ARNA
EI VELSIGNA JULEHØGTID
OG EIT GODT NYTT ÅR**

Helsing Red.nemnda

GAMMELT OG KJENT, MEN UNGT OG NYTT

Det høres nesten ut som en gåte. Og kanskje dere har gjettet svaret før dere ser det? Javisst, er det juleevangeliet!

— Julen er barnas høytid —

Slik fortelles det at en prest begynte sin julepreken hvert eneste år. Han som mintes presten juleprekener, holdt seg ellers regelmessig borte fra gudstjenesten. Men hver jul gikk han til kirken, som så mange andre.

Kanskje er det bare en munter historie, litt mosjon for smilebåndet?

Men selv en vits kan røre ved et problem som kjennes aktuelt nok. Denne angår muligens både prest og menighet.

Ikke noe stykke i hele Bibelen er det SA mange som kjenner SA godt som juleevangeliet. Derfor kan det være vanskelig både å si noe nytt og å høre noe nytt i julen.

Juleevangeliet er et gammelt budskap. Nyhetens interesse i vanlig forstand kan det ikke ha. Og en preken må være som det budskap som den tar sitt utgangspunkt i.

Ikke nyhetens interesse, men likevel aktuell, påstår vi. Like aktuell som første gang.

Evangeliet kan på en måte sammenlignes med maten. Den som er sulten gleder seg til å spise, selv om han har spist akkurat samme rett mange ganger før.

Vi er glade for at budskapet ikke er forandret, og at det ennå ropes ut. Det er gode nyheter fra Gud om frelse, fred og glede som gjelder fremdeles. Vel har verden forandret seg siden Augustus' og hyrdenes dager, men i flere henseender likevel ikke så meget. Menneskenes behov for det glade budskap om frelse, fred og glede er ikke blitt mindre med årene. Om mulig, er juleevangeliet mere kjærkomment enn noen gang, — og aktuelt.

Er juleevangeliet et 2000 år gammelt budskap som vi må gjøre vårt beste for å pusse støvet av og gi ny fasong? Nei, det holder seg like blankt og aktuelt uten vår medvirkning. La det bare få tale som det taler og lyse uhindret for oss!

En gammel nyhet som alltid er like aktuell fordi den gir noe. Det bringer Frelseren nær til oss, Han kommer til oss på nytt gjennom sitt ord.

Ikke så at presis det samme må sies og oppleves hver eneste jul. Evangeliet er rikt, og nye sider ved det kan forkynnes og erfares om selve barnet i krybben blir hovedsaken i vår julefeiring. Stanser vi ved julens kulisser, blir høytiden kun tradisjon, da blir det bare å hente ned den samme juletrepynten fra loftet år etter år, spise den samme maten og holde de gamle skikkene. Konsentrerer vi oss om Ham i krybben, blir det alltid noe nytt, levende og aktuelt ved julen som gir feiringen et dypere innhold og en rikere glede.

Juleevangeliet er historie. Men samtidig er det mer enn historie fordi det følger historien, følger menneskene oppgjennom slektene og århundrene som Guds evige, utstrakte frelserarm.

Sangen «ved natt over Davids by» er, som Jakob Sande poetisk uttrykker det, «den evige himmelsongen som alltid er ung og ny».

Ingvar Fykse

Juleminne fra India

STORE DAG

Det nærmet seg jul, min første i India. Jeg hadde fra påsketider det året oppholdt meg oppe i Himalaia, ca. 2.300 m.o.h. — nærmere bestemt i byen Darjeeling.

Julen skulle feires i Parkijuli hos misjonærene David og Anne Helene Westborg. Parkijuli, den nyeste av misjonsstasjonene til «Skrefsrud-misjonen» (Santalmisjonen) lå i Kamrup, i staten Assam, i det østlige India. Folket i og omkring Parkijuli var for det meste boroer, et mongolsk folkeslag. Omlag 2 km fra misjonsstasjonen lå den sørlige grenselinje mellom fjellandet Buthan og India.

Her inne i Parkijuli var det lite som minnet en nord-boer om jul og juleaften. Ingen glitrende, lysende juletrær, ingen opplyste forretningsvinduer med allslags glitter og glans, her var ikke elektrisk lys heller! Men jul i hjerten, hos de kristne, var her — i langt større grad enn hjemme i Norge, for her kunne en merke at julegleden var sentrert i en person — Frelseren Jesus Kristus. En merket det så tydelig både hos barna og hos de voksne der de samlet seg på verandaen på misjonsstasjonen — julaftens formiddag. Her sang de og her lyttet de med glede når det kjære juleevangelium ble lest for dem. Bevertningen som fulgte var enkel, varm te med melk i og enkle indiske kaker av forskjellige sorter. Det var lett å merke at idag var det den gledeligste av alle årets dager!

Ved mørkets frembrudd skulle gudstjenesten ta til i den lille og enkle jordkirken inne ved grensen.



Fra tjern og nær kom de kristne, barn og voksne vandrende med sine tente, blafrende talglys. For et inspirerende syn i tropenatten! Små, men levende lys i hedenskapsnets eller så mørke natt! — Kirken ble opplyst av alle de små lysene og de enkle dekorasjonene på veggene og mellom bæresøylene ble klart synlige. Fremme på korveggen stod det noen bokstaver. Lese dem kunne jeg, men hva betydde ordene? GEDERT SAN — kanhende det var: Gledelig jul! — på boroni! Jeg tok feil. STORE DAG stod der — og dagen var stor fordi Jesus Kristus var født til vår jord! — «Eder er idag en frelser født» . . . det var det det dreiet seg om her. For en velsignet julekveld og for et fornyet julebudskap! — Etter at gudstjenesten var slutt utvekslet de kristne sine glade hilsener og tok så fatt på vandringen tilbake til jordhyttene sin fremdeles med lysene tent.

På misjonsstasjonen fikk vi en velsignet julekveld — med Jesus i sentrum. Selv om tankene ville hjem til kjære og kjente i Norge, savnet vi intet av hjemlige breddegraders julefeiring, det må jeg ærlig bekjenne.

Før vi gikk til ro, tok jeg en tur ut i mørket. I den stjerneklare natten gikk tankene inn til de mange i

Fråsegn i spørsmålet om stat og kyrkje,

frå Arna sokneråd, i møte 17.11.1976:

«Arna Sokneråd kan ikkje dela det synet som fleirtalet i utvalet målber og som konkluderer med at det vil vera prinsipielt og samfunnsmessig rett at Den norske kyrkja går over frå å vera statskyrkja til å verta ei statskyrkje som åleine vert styrt av organ som kyrkje-samfunnet sjølv vel.

Soknerådet er langt på veg samd med det eine mindretalet, Arthur Thorbjørn-sen, som held fram at statskyrkja framleis bør oppretthaldast, men at det bør koma reformer som gjev kyrkja større indre sjølvstyre og dermed betre vilkår for å fylla oppgåva si. Kyrkja må verta rådspurt og vera med og ta avgjerder når det gjeld gjennomføring

Buthan. Dette landet hadde stengte grenser for de hvite og for misjo-nærene i særdeleshet. Der inne var det få som ante noe om julens gledesbudskap. For disse menneskene var denne dag og denne kveld bare en av de mange hverdagslige grå.

Noe veldig gledelig har hendt siden jeg fikk feire jul i Parkijuli. Tenk, — nå er Buthan et åpent land for kristen misjon og norske misjo-nærer har fått komme inn i øst-Buthan og har allerede fått være gledesspredere og lysspredere i endel år. Denne jul vil flere butha-nesere være med å synge julens glade og gode budskap om Frelse-rens komme til vår jord. — La oss minne hverandre om ordene i Lukas 1. 78-79 . . . «for vår Guds miskunnelige hjertelags skyld, som lot soloppgangen fra det høye gjeste oss, — for å lyse for dem som sitter i mørke og dødsskygge, for å styre våre føtter inn på fredens vei.» —
M.J.U.

av slike reformer.»

Fråsegna vart samrøystes vedteken.

Ytre Arna sokneråd si fråsegn til spørsmålet om staten og kyrkja, vedteken i møte 10. november 1976:

— Ytre Arna sokneråd kan ikkje dele det syn som fleirtalet i utvalet målber, og som konkluderer med at det vil vere prinsipielt og samfunnsmessig rett at Den norske kyrkja går over frå å vere ei statskyrkje til å verta ei fri, sjølvstyrt folkekyrkje.

Derimot er soknerådet langt på veg samd med det eine mindretalet i utvalet, Arthur Thorbjørn-sen, som held fram at statskyrkja framleis bør haldast oppe, men at det bør kome reformer som gjev kyrkja større indre sjølvstyre, og dermed betre vilkår for å fylla oppgåva si.

Ved utforminga av slike reformer må det særleg takast omsyn til kyrkja si forståing av seg sjølv og hennar eigenart som trussamfunn.

Soknerådet meiner at kyrkja sin breiddeverknad i folket vårt best kan takast vare på med ei fortsatt statskyrkjeordning. Statskyrkja verkar samlande og som ein einskapsfaktor i samfunnet, samstundes som ho gjev rike og gode arbeidsvilkår for dei frivillige kristelege organisasjonane.

Soknerådet meiner likevel at dersom samfunnstilhøva endrar seg vesentleg, eller det syner seg uråd å få gjennomført naudsynlege reformer i kyrkja, vil spørsmålet om overgang til ei fri, sjølvstyrt folkekyrkje på nytt bli aktuelt. Vedtaket var samrøystes.


Koralkveld i Arna Kyrkje

søndag 30. januar kl. 19.00. Vi øver inn nye salmar frå «Salmar 73». Med blir Kyrkjekoret, Ten-Sing og barnekor.

Andakt ved soknepresten.
VEL MØTT!

★ ★ BARNAS JULESIDE ★ ★

Jule- kryssord



Navnet ditt:

Adresse:

Alder:

BOKPREMIE TIL
3 VINNERE!

VANNRETT:

- | | |
|------------------|---------------|
| 1. ... eller nei | 15. Blomst |
| 3. Høytid | 18. Gretten |
| 4. Mange | 19. Skinne |
| 5. Vokaler | 22. Dyrelåt |
| 7. Til fuglene | 23. Øver |
| 8. Uttalte | 24. Skrattet |
| 10. Kamerat | 26. Frukt |
| 12. Den samme | 27. Månefase |
| 14. Reise til | 28. Hovedstad |

LODDRETT:

- | | |
|--------------------------|----------------|
| 1. Gleder vi oss til | 13. Lur |
| 2. 4 vannrett | 16. Egle |
| 3. ... eller nei | 17. Rykte |
| 6. Om vinteren | 20. Dengte |
| 8. Gjorde det i fjor jul | 21. Egil Olsen |
| 9. Klage | 22. Mona Dahl |
| 11. Heve | 25. Månefase |
| 12. Finnerlønn | |

Send riktig løsning til: ARNA KYKJELYDSBLAD, Gamlevegen 8, 5265 YTRE ARNA, innen 10. januar 1977.




Noe å tenke på?

Så rekker jeg da med glede min hånd, kom, skynd deg og gi meg den andre, så knytter vi kjærlighets hellige bånd, og lover å elske hverandre.

Derfor: HUSK KIRKENS NØD-HJELP!

Arna bedehus vigsla 14. november



Det var ein stor dag for Arna Indremisjon då dei no kunne ynskje vener frå grannebygdene, lagssystemen i andre misjonsorganisasjonar og kvarandre vel møtt til vigslingshøgtid.

Salane var fullsette. Huset var vakkert. Men augo feste seg ved den enkle krossen som ein av vennene hadde fest på frontveggen dagen før.

Per Eide, som no er formann i Arna Indremisjon, leia vigslings-samværet. Alt munna ut i lovsong. «Store Gud, vi lover deg», «Mi sjel lov Herren» (Salme 103), Musikk-laget, prologen, songen av lærar Kvalsund, — alt var ei takk til Gud.

Generalsekretær i Vestlandske Indremisjonsforbund, Rolf Onarheim, heldt vigslingsstalen ut frå teksta for dagen, Mk. 4, 21-25. Bedehuset skal formidle Jesu Kristi lys! Talen slutta i ynskje om levande lys, kraft frå Guds ord, og at vi ikkje

måtte mangle noka nådegåve.

Etter salma «Vidunderligst av alt på jord . . .» var det skriftlesing, og deretter vigsla Onarheim huset medan festlyden stod. «Guds ord det er vårt arvegods, det våre barns skal være», tona både frå hjarta og munn hjå den store festlyden.

Kvinner i fargerike festbunader, syrgde for middag og kaffi. Formannen i byggjenemda, Albregt Ivarsflaten, geidde ut om arbeidet med huset.

Alt i 1952 vart den første basarhalden til inntekt for nytt bedehus. 4 år seinare vart det sendt søknad om tomt som vart utpeika i 1962. I 1967 vart det gjeve byggeløyve, og grunnarbeidet tok til. Etter 5 år kunne dei halde kranselag, og i 1973 tok Arna kyrkjelyd sin Dagheim underetasjen i bruk. I 1974 vart første offentlege møte halde i bedehuset.

Kostnadsoverslaget i 1973 lydde

på omlag 1/2 mill. kroner. Utgifter pr. dags dato kr 785 000,—. Verdien av huset i dag er stett til 1,3 mill. kroner. Gjeld pr. i dag kr. 300 000,—.

I staden for nøkkel overleverte formannen i byggjenemda til formannen i indremisjonen ein bibel: «Nøkkel til frelse og evig liv».

Nestformannen i Arna Indremisjon, Tarald Ueland, leia ettermiddagsmøtet. Sokneprest Finn Halle Tvedt opna samværet ut frå apostelen sine ord i Rom. 1, 1ff. Sidan var det helsingar ved representantar for ei rekkje indre- og ytremisjonsorganisasjonar og frå mange lokale misjonslag og foreiningar i nabobygdene. Frå Arna sokneråd helsa formannen, Ingmar Ljones, og overrekte ein gavesjekk på kr. 2000,— frå soknerådet.

Musikklaget og Kirsten og Ottar Hope gledde oss med vakker og oppbyggjande song og musikk. Ljosestakane og blomevasane som var ei gåve frå Yngreslaget tala for seg.

Medlemene i byggjenemda hadde halde seg i bakgrunnen, men no måtte dei fram på podiet: Herfindal, Vevle, Hopland, Rørbakken, Ivarsflaten, Bødal og Trefall. Dei fekk si velfortente takk.

I offer kom det inn på vigslingsdagen kr. 9.100,—. I tillegg kom gåva frå soknerådet, kr. 2.000,—.

K. Ulveseter

Synd anno 1977

I gamle dagar talte ein om «døds-synder» og meinte synder som var så alvorlege at dei kravde serskilt bot. Er det noko grunn til å dra dette gamle omgrepet ned frå mørkeloftet? Har det noko å seia om «synd anno 1977»?

Ovmod, ovund, vreide, latskap, gjerugskap, fråssing og utukt — det er dei «klassiske» dødssyndene. I ei rad stutte artiklar skal vi ofra nokre tankar på kvar ein av dei i tur og ordning.

Følg stjernen

*Vise menn mot krybben gikk,
stjernen ledet deres blikk,
hylle vil de kongen stor
som var kommet til vår jord.*

*Vise menn de mistet lei,
de kom inn på annen vei,
stjerneveien de forlot,
kongeborgen gikk de mot.*

*Men ved Ordets lys de så
stjernen klar på himlen blå,
gledesfylte da de ble:
ledestjernen hadde de!*

*Ordets lys oss leder rett,
og vi dette lys har sett,
derfor takker vi vår Gud,
glade følger vi hans bud.*

Ragnvald Hammer

JULEFEST FOR ELDRE

Den tradisjonelle og årlige julefesten for eldre som Ytre Arna sokneråd skipar til saman med Ytre Arna Sanitetsforeining, vert denne gongen i Ytre Arna bedehus, søndag 9. januar kl. 1600.

Vi bed dykk merka datoen og ynskjer

VEL MØTT

Familieside



ARNA SOKN

Døypte:

24-10 Håkon Reiersen

30-10 Knut Østen Farestveit, Kenneth Lian, Tone Sagstad, Bjarte Mosaker, Irene Tvedt, Lissi-Ann Jacobsen

31-10 Børje Larsen

07-11 Kjetil Tunestveit, Rita Skartveit.

Ektevigde:

30-10 Jarle Vik og Grethe Borge

Egil Arnesen og Bente Heggertveit.

Avlidne:

19-10 Knut Helland.

22-10 Ida Kristina Skjoldal.

Ytre Arna sokn

Vigde:

27-11 Terje Nesheim og Gro Brunborg.

Avlidne:

23-11 Sofie Hetlebakke.

SALMAR 73.....

Salmeboktillegget «Salmar 73» som kom ut for nokre år sidan, er vi no så smått begynt å bruke til høgmesse i Ytre Arna.

Det er ikkje meininga at «Salmar 73» skal koma i staden for salmeboka, den er tenkt som eit tillegg eller eit supplement — om ein vil.

Tillegget inneheld mange gode salmar som høver sers godt i høgmesse og ved andre samvær i kyrkja, og dei er vel verdt å bli kjende.

Soknerådet har vedteke at «Salmar 73» skal nyttast i høgmesse i tida framover som ei prøveordning, slik at kyrkjelyden skal få høve til å gjere seg kjent med tillegget.

Når det lid ut på nyåret, vil soknemøtet få seg førelagt spørsmålet om «Salmar 73» skal innførast som permanent tillegg til Nynorsk Salmebok i høgmesse.

IF

Haugland Songlag feirar 20-års jubileum



Det var den 20. november 1956 den første tonen lydte i det nyskipa Haugland Songlag. For ein del var dette ein draum som gjekk i oppfylling. Gleda over å få syngja saman med songarsøsken frå eiga grend var stor. No kunne ein delta saman i sams interesser og til glede for bygda.

Det er eit aktivt kor som i år har markert 20-årsjubileum. Eit raskt attersyn vil visa at koret har deltatt på omlag 200 tilskipingar. Ca. 130 stk. har «vore innom» koret desse åra. Medlemstalet er i dag omlag 30. Av større tilskipingar koret har stått for, er kyrkjekonsertar og songarstemner.

Det er ei glede å få vera med i dette arbeidet fordi om det kostar ein del tid og strev. Frå mai månad i år tok koret på seg songtenesta i Ytre Arna kyrkje. Ved gudsteneste deltar nokre av medlemene som forsongarar.

Sjølve opptakten til skiping av kor vart gjort av Arthur Askeland og Jakob Haugland. Dei tok kontakt med dåverande prest her, Harald Hope, som tok dirigentoppgåva på

seg. Hope hadde ein eigen evne til å setja mot i koret når det ikkje gjekk så bra.

Etter Hope, som etter ei tid slutta på grunn av sterkt arbeidspress, var lærar Leif Valle villig til å ta over. Han la same interesse og offervilje for dagen som sin forgjengar.

Den lengste tida som dirigent har Asbjørn Rivenes hatt. Han overtok etter Valle. Asbjørn har lagt mange timar med arbeid ned til beste for koret. Han har «vakse opp» med koret og kjenner det såleis ut og inn. I dag er det enno 5 med som var på den første øvinga.

Men meir enn dei andre, utanom dirigenten, er det ein som har lagt ned sers mykje arbeid for songlaget. Det er Arthur Askeland. Han har vore ei drivkraft innan laget. Han fortener stor takk og mykje ros for sitt arbeid. Haugland Songlag er i dag i framgong. Det er å vona at den vert varande, og at enno fleire fattar interesse og sluttar opp om songlaget.

Songar på Haugland

Eit «Bibelens og kirkens hus»

I år har fleire sentrale kyrkjelege organ samla seg under same taket. Eit nedlagt hotell i Fagerborg-distriktet i Oslo har blitt eit slag «Bibelens og kyrkja sitt hus». Underhaugsvegen 15, Oslo 3 er adressa, og i eit rett ruvende firehøgds hus vil ein finna:

BIBELSELSKAPET
PRESTEFØRENINGEN
KYRKJERADET
MELLOMKIRKELIG RÅD
KIRKENS NØDHJELP

Så nå kan dei som kjem på vitjing få gjort mange ærend på same staden og treng ikkje fly gatelangs som ein titt måtte gjera før.

Prest uten krage?

Svart kjole og hit pipekrage rundt halsen, slik er vi vant til å se presten. Men det er ikke sikkert vi alltid vil se ham slik. I noen år har Presteforeningen arbeidet med forslag til en ny prestedrakt. Et par modeller er godkjent til bruk i en

*Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held.*

*Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall.*

*Der låg han med høy til pute
og gret på sin ringe seng,
med englane song derute
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.*
Salmer 73. Jakob Sande

prøveperiode, og snart vil prester i ca. femti menigheter rundt om i landet ta i bruk en ny drakt, en hvit kappe som er lettere og mer praktisk enn den tradisjonelle prestekjolen.

Og så får vi se hvordan fornyelsen slår an . . .

Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørget oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



**Vår nye mann i Arna
— Olav A. Hovden —
har fått nytt kontor.**

Med sin solide forsikringsmessige bakgrunn er Hovden vel kvalifisert til å ordne med Deres forsikringer.

Han blir å treffe på kontoret i Indre Arna mandag — onsdag — torsdag og fredag mellom kl. 10.00 og kl. 13.00. Torsdag også mellom kl. 16.00 og kl. 18.00.

Storebrand·Idun

Postboks 17 — 5260 Indre Arna
Telefon 24 1532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 1188

Arnatveit — telefon 24 1970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSELSKAPET
VESTA HYGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

24.12. Julafta

Arna – kl. 15.00: Barnegudsteneste ved sokneprest Finn Halle Tvedt.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

kl. 16,00: Barnegudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Kirkens
Nødhjelp.

Haukeland gamle skule – kl. 13,00: Familiegudstjeneste ved sokne-
prest Tvedt. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Arna Helseheim – Juleandakt ved res.kap. Fykse.

Trygdebustadane Ytre Arna – Samvær for pensjonistane. Andakt
ved res.kap. Fykse.

Ytre Arna – kl. 15,00: Barnegudsteneste ved res.kap. Fykse. Offer
til Kirkens Nødhjelp.

kl. 16,00: Barnegudsteneste ved res.kap. Fykse. Offer til
Kirkens Nødhjelp.

25.12. Juledag

Arna – Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Det
Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna – Høgtidsgudsteneste ved res.kap. Fykse. Offer til Det
Norske Misjonsselskap.

26.12. 2. Juledag

Trengereid – Sokneprest Finn Halle Tvedt. Nattverd.

31.12. Arna – kl. 23,15: Midnattsmesse ved res.kap. Fykse.

01.01. Arna – Sokneprest Tvedt. Nattverd.

Ytre Arna – res.kap. Fykse. Nattverd.

09.01. Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt.

16.01. Arna – sokneprest Tvedt. Nattverd. Barnevakt.

Ytre Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt.

23.01. Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt.

Trengereid – sokneprest Tvedt. Nattverd.

26.01 Kl. 19,30 – Bibeltid i Arna kyrkje ved pastor Audun Tang.

Tema: «Tru verksam i teneste».

30.01. Arna – sokneprest Tvedt. Barnevakt.

Kl. 19,00: Koralkveld. Andakt.

Ytre Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt.

06.02. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.

Ytre Arna – sokneprest Tvedt. Nattverd. Barnevakt.

13.02. Arna – sokneprest Tvedt. Barnevakt. Offer til Bibelmisjonen.

Kl. 19,00: Ungdomsgudsteneste ved Fykse og Haugsvær.

Ytre Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt. Offer til Bibelmisjonen.

20.02. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.

27.02. Arna – sokneprest Tvedt. Barnevakt.

06.03. Arna – res. kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.

Ytre Arna – sokneprest Tvedt. Nattverd Barnevakt.

13.03. Arna – sokneprest Tvedt. Barnevakt.

Ytre Arna – Kl. 19,00: Ungdomsgudstjeneste ved res.kap.
Fykse.

Trengereid – res.kap. Fykse. Nattverd.